

---

Saksnr: 2020/74752-2  
Saksbehandlar: Marita Onarheim Rong

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020

## Omklassifisering og opptak av veg - fv. 5180 Lilandsvegen og kv. 3019 Lønningsvegen - Bergen kommune

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek at fv. 5180 S1D1 m570 - m1782 vert omklassifisert til kommunal veg. Før vegen vert overlevert til Bergen kommune skal den tilfredsstillte tekniske krav i veglova og tilhøyrande retningslinjer. Løyving til eventuelle vedlikehaldstiltak vert å finne innanfor fylkesvegbudsjettet.
2. Fylkesutvalet vedtek at kv. 3019 S1D1 m0 - m815 vert tatt opp som fylkesveg. Før vedtak om opptak av kommunal veg trer i kraft må vegen bli sett i stand. Dette skal skje ved at trafikkdelar mellom gang- og sykkelveg og veg for motortrafikk får fylt på jord og etablert grasdekke frå kv. 3019 S1D1 m0 - m260.

### Samandrag

Saka gjeld omklassifisering av fv. 5180 Lilandsvegen til kommunal veg, og opptak av kv. 3019 Lønningsvegen til fylkesveg.

Fylkesrådmannen har vurdert at den kommunale vegen fungerer som ei forlenging av fv. 5180 Flyplassvegen, og slik desse vegane munnar ut i annan offentleg veg i kryssområde bør desse ha ein annan veghaldar. Med bakgrunn i saka tilrår fylkesrådmannen at fylkesutvalet vedtar at den kommunale og den fylkeskommunale vegen endrar status.

Fylkesrådmannen føresett at ein omklassifisering av fylkesveg samsvarar med veglova § 7, og at dei tekniske krava gitt i NA-rundskriv 97/13 er innfridd før vedtaket trer i kraft. Vidare føresett fylkesrådmannen at opptak av kommunalveg samsvarar med veglova § 4, og det blir tilrådd at det blir satt krav til tiltak i samband med trafikkdelar før eit vedtak blir gjeldande.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg


1 NA-rundskriv 97/13

## 2 Bergen lufthavn. Flesland. Uttalelse fra Trafikketaten til forslag til omklassifisering av tilstøtende vegnett.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

I området rundt Flesland/Lønningen har det vore ei utvikling med mellom anna utviding av Bergen lufthavn Flesland og Lønningen industripark. Dette har resultert i at vegnettet sin funksjon i området er endra, og det har difor vært eit behov for å vurdere klassifisering av vegnettet.



Figur 1: Figur av dei to vegstrekningane som har blitt vurdert for omklassifisering i denne samanhengen.

#### Informasjon om dei aktuelle strekningane

Dei aktuelle strekningane startar begge i kryss ved Flyplassvegen, og endar opp på ulike plassar langs Fleslandsvegen ved kryss og rundkøyring.

Fv. 5180 Lilandsvegen har i dag ein funksjon som gjer at vegen i hovudsak gir tilkomst til bustader, barnehage og skule langs vegen.

Den naturlege vegen mellom fv. 5182 Fleslandsvegen og områda rundt flyplassen er via det som i dag er kommunal veg. Den kommunale vegen gir i dag tilkomst til industriområde, men fungerer som ei forlenging av fylkesvegen for tilkomst til flyplassen.

Sidan starten av omklassifiseringssaka har begge vegane endra vegreferanse mellom anna på grunn av endra vegnummer og nytt vegreferansesystem.

Omklassifiseringa av Lilandsvegen gjeld for følgjande vegsystemreferanse:

Fv. 5180 S1D1 m570 - m1782 (gamal vegreferanse: fv. 176 hp1 m570 - m1782 og fv. 5080 hp1 m570 - m1782)

Opptak av Lønningsvegen gjeld for følgende vegsystemreferanse:  
Kv. 3019 S1D1 m0 - m815 (gamal vegreferanse: kv. 3019 hp1 m0 - m815)

Dette gjer at 1212 m med fylkesveg er foreslått omklassifisert til kommunalveg, og 815 m med kommunalveg er foreslått å bli tatt opp som fylkesveg.

### Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang i samband med omklassifisering av fylkesvegen følgjer veglova § 7.

§ 7. Etter at fylkeskommunen - i Oslo kommunen - har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.

Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.

For den kommunale vegen vil det vere veglova § 4 som er gjeldande for saksgang i opptak av veg.

§ 4. Alle vegar som var fylkesvegar eller bygdevegar etter den tidligare veglova, er fylkesvegar etter denne lova, dersom ikkje anna blir fastsett med heimel i lova.

Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen ta opp kommunal veg eller privat veg som fylkesveg

### Grensedraging mellom kommunale og fylkeskommunale vegar

Til orientering blir det brukt gjeldande kriterium for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar når det er behov for å skilje desse vegane.

Gjeldande kriterium for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar går fram av Samferdselsdepartementets brev til fylkeskommunane i brev av 26. mars 1985:

*«a. Storbyer/byer (over 5000 innbyggjarar) Grensen mellom fylkesvegar og kommunale vegar vert trekt mellom samleveggar og adkomstvegar slik disse er definert i vegnormalene*

*b. Mindre tettstadar (opp til 5000 innbyggjarar) Fylkesvegar i tettstader opprettheld si klassifisering i sjølve tettstaden fram til kryss med riksveg eller fylkesveg, eller kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betyding*

*c. Spreidtbygde - / gravgrendte områder Ein fylkesveg skal ha et befolkningsunderlag på minst 50 personer. Fylkesvegen skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betyding.*

*For storbyar og byar siktes det her til de områder som vert avgrensa til tettbygd område. Andre deler av vegnettet i disse områda vert vurdert som i spreidtbygde område.»*


I den tidlegare utgåva av handbok N100 kap. A.4 er samleveggar og tilkomstvegar definert slik:

«Samleveger er forbindelsesveger mellom for eksempel boligområder eller bydeler, og bindeledd mellom atkomstvegar og øvrige hovedveger. Disse vegene har en oppsamlings - og fordelingsfunksjon. Atkomstvegar gir atkomst til boligområder, fritidsaktiviteter, industriområder eller lignende.»

### Tettleik av bygningar i området

Større delar av begge vegane ligg i tettbygd område med over 5000 innbyggjarar ut frå kart til Statistisk sentralbyrå over tettstader for 2020. Dei resterande delane av veg som ikkje fell inn

under tettbygd område vil ut frå grensedraging mellom kommunale og fylkeskommunale vegar bli vurdert etter punkt c.



Figur 2: Kartutsnitt frå Statistisk sentralbyrå (kart.ssb.no). Dei mørkegrå områda er definert som tettstadar i 2020.

### Synfaring, naudsynte reparasjonar, NA-rundskriv 97/13 og andre opplysningar

Det vart gjennomført synfaring av aktuell strekning langs fv. 5180 den 09.04.2019, og strekningen har blitt vurdert opp mot krava i NA-rundskriv 97/13. Statens vegvesen har i 2019 estimert at eingongskostnadane for å reparere vegen etter rundskrivet vil vere omlag 180 000 kr inkl. mva. Sidan dette er eit estimat kan dei faktiske kostnadane for reparasjonar vere annleis dersom det blir mindre arbeid eller meirarbeid på reparasjonstidspunktet. Det må i tillegg tas høgd for at estimatet er i kroneverdi for 2019, og estimatet må difor bli indeksregulert til den kroneverdien som gjeld for året reparasjonane blir gjennomført. Løyving til kostnadar for reparasjonar vert å finne innanfor fylkesvegbudsjettet.

Strekningen langs fylkesvegen må oppfylle dei tekniske krava nemnt i veglova § 7 fjerde ledd for at eit vedtak skal vere gjeldande. Ein føresetnad for omklassifisering vil vere at dei tekniske krava gitt i NA-rundskriv 97/13 er tilfredsstillt, og at dei manglane som er påvist ved synfaring etter NA-rundskriv 97/13 blir utbetra. Vidare må det for fylkesveg vere fatta vedtak av riktig vedtaksmynde etter veglova § 7 annet ledd.

NA-rundskriv er ikkje lagt til grunn for opptak av kv. 3019 sidan tekniske krav ikkje er heimla i veglova § 4.

Bergen kommune er høyrte i saka med svar datert den 19.11.2013. Her skriv dei mellom anna:  
*«Før omklassifiseringen til kommunal veg kan finne sted, jfr. punkt 3 over, må Statens vegvesen og Trafikketaten gjennomføre en felles befaring på stedet for å enes om påkrevd oppgradering av vegen.»*

Bergen kommune har ikkje vesentlege merknadar til forslaget om omklassifisering utover dette.

Svar på høyring frå Bergen kommune og NA-rundskriv er lagt ved saksframlegget som vedlegg.

Vedtakskompetanse

Veglova § 4

Fylkesutvalet har mynde til å ta opp kommunal eller privat veg som fylkesveg.

Veglova §7

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå hovudutval for samferdsel og mobilitet, å uttale seg om omgjerjing av riksveg eller å gjere vedtak om nedlegging eller omgjerjing av fylkesveg.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Opptak og omklassifisering av veg vil ha innverknad på kostnadar knytt til drift- og vedlikehald, og kostnadar knytt til forvaltning av infrastruktur og eigedom relatert til veg. Også kostnadar knytt til grunnerverv kan komme ved endring av veghaldar. Vidare kan det gi endringar i rammetilskot sidan eit kriterium for rammetilskot er delvis basert på talet av den totale mengde med kilometer fylkesveg som fylkeskommunen har. Det vil bli ei eingongsutgift for reparasjon av fylkesvegen etter gjeldande krav i NA-rundskriv 97/13.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Dersom det er ein forskjell på vedlikehaldsbehovet mellom dagens kommunale veg og fylkesvegen vil dette ha innverknad på kostnadar knytt til drift- og vedlikehald ved eit byte av vegstrekning med kommunen.

Konklusjon

Fylkesrådmannen kan sjå at utvikling av området gjer at det er eit behov for å vurdere klassifiseringa av vegnettet. Det er vurdert at vegane bør endre veghaldar, og at utviklinga av området har resultert i at det er meir naturleg med ein annan klassifisering av dei to vegane.

I høve til gjeldande grensdraging mellom kommunale og fylkeskommunale vegar skal vegane vurderast etter punkt a. og c. fordi begge punkta vil vere gjeldande i denne samanhengen. Slik fylkesrådmannen vurderer vegane fungerer fv.5180 Lilandsvegen som ein lokalveg for tilkomst til skule, barnehage og bustadområde. Den kommunale vegen kv. 3019 Lønningsvegen gjer tilkomst til industriområde og Liland idrettsplass, og er òg naturleg forlenging av dagens fv. 5180 Flyplassvegen. I tillegg tilseier kryssutforminga i krysset Flyplassvegen / Lilandsvegen / Lønningsvegen at Lilandsvegen er ein sekundærveg, medan Lønningsvegen er vidareføring av primærvegen. Mykje av grunnen er at dei som ferdes langs fv. 5180 Lilandsvegen mot dette krysset, vil ha vikeplikt for andre trafikantar på dei to andre vegane.

Med bakgrunn i saka vil fylkesrådmannen rå fylkesutvalet til å vedta at den kommunale vegen kv. 3019 Lønningsvegen vert tatt opp som fylkesveg etter veglova § 4, og den fylkeskommunale vegen fv. 5180 Lilandsvegen vert omklassifisert til kommunal veg etter veglova § 7.

Fylkesrådmannen føresett at ein omklassifisering av fylkesvegen samsvarar med veglova § 7, og at dei tekniske krava gitt i NA-rundskriv 97/13 er innfridd før vedtaket trer i kraft og fylkesvegen blir overlevert til kommunen.

Sjølv om det i veglova § 4 ikkje er heimla tekniske krav knytt til opptak av kommunalveg tilrår likevel fylkesrådmannen at det blir stilt krav før eit vedtak blir gjeldande. Trafikkdelar mellom gang- og sykkelveg og veg for motortrafikk frå rundkøyring til avkøyrsløse ved gnr. 110 bnr. 53 må få fylt på jord og etablert grasdekke frå kv. 3019 S1D1 m0 - m260.